



Monica Holen Husebø
Husebøvegen 86
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1831 - 18/15343

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
06.07.2018

Adressetildeling Husebøvegen 93

Administrativt vedtak. Saknr: 161/2018

Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Adresse-endingar og ny-adresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På eigedommen 54/ 12 er det no byggemeldt og godkjent nytt våningshus som skal ha tildelt ny offisiell adresse. Adressa Husebøvegen 93 og 95 er ledig på dette strekket og det rette vert å tildela Husebøvegen 93 til dette våningshuset. Tildeling av adressa går også fram av vedlagt adressekart.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet ***Husebøvegen***.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkellova (adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingsskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt husnummerskilting verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting verte utført før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 22030000 eller internett www.posten.no

Informasjon.

I vedlagte brosjyre **Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen**, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på www.meland.kommune.no og søk på adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknyping til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressesdeling:

Gnr	Bnr	Bueining	Vegnavn	Tildelt husnummer
54	93	H0101	Husebøvegen	93

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven§ 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Husebøvegen 93
Orienteringsbrosjyre om adresser